



# Innst. 260 S

(2009–2010)

## Innstilling til Stortinget fra transport- og kommunikasjonskomiteen

Prop. 110 S (2009–2010)

### **Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av EU-programmet om samverknadsløysingar for europeisk offentleg forvaltning – ISA (2010–2015)**

Til Stortinget

#### **Sammendrag**

EU-programmet om samverknadsløysingar for offentleg forvaltning i europeiske land (Interoperability Solutions for European Public Administrations – ISA) vart formelt vedteke i EU 16. september 2009 ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 2009/922/EF.

Programmet er ei vidareføring av IDABC-programmet (Interoperable Delivery of European eGovernment Services to public Administrations, Businesses and Citizens). Dette programmet løp i perioden 2005–2009. Noreg har teke del i IDABC-programmet, jf. St.prp. nr. 54 (2005–2006) og Innst. S. nr. 158 (2005–2006). I perioden 1997–2005 tok Noreg del i dei to føregåande IDA-programma.

Føremålet med programma har vore å utvikle og innføre felleseuropeiske elektroniske offentlege tenester og underliggjande infrastruktur. Slik legg ein til rette for elektronisk kommunikasjon mellom offentlege styresmakter på alle nivå, i tillegg til mellom verksemdar og borgarar. Det skal betre vilkåra for næringslivet i Europa, redusere dei administrative byrdene og avgrense veksten i byråkratiet.

ISA-programmet (2010–2015) opnar på lik linje med tidlegare IDA-program for deltaking for EØS-EFTA-statane. Satsingane i IDA/IDABC er i stor

grad samanfallande med det arbeidet med samverknad og IKT-arkitektur som norsk offentleg forvaltning gjer.

Programmet opnar for at norske offentlege etatar kan nytte felles elektroniske løysingar på lik linje med EU sine medlemmer utan meirkostnader eller meiradministrasjon. Eit av resultata av IDABC er skipinga av eit felleseuropeisk kommunikasjonsnettverk, sTesta, som vert nytta i felleseuropeiske datatenester. UDI, Politiet, Nav, Vegdirektoratet, Forbrukarombodet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap nyttar i dag felleseuropeiske IKT-system gjennom dette nettverket. Noreg er gjennom avtale plikta til å nytte nokre av desse systema.

Innhaldet i programmet er under løpande utvikling. Det er frå norsk side lagt opp til at Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) skal ha det operative ansvaret for norsk deltaking i programmet. Difi vil òg vere nasjonalt kontaktpunkt for ISA-programmet, slik dei har vore for IDABC-programmet.

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet vil ha det overordna ansvaret for å koordinere norsk deltaking i programmet.

Deltaking i ISA-programmet inneber økonomiske plikter for Noreg over fleire år. Det totale budsjettet for ISA i seksårsperioden er førebels estimert til 164 mill. euro. Dei gjennomsnittlege årlege utgiftene til norsk deltaking i programmet gjennom seksårsperioden vert estimert til 6,5 mill. kroner totalt.

Ei deltaking i programmet føreset ei endring av protokoll 31 i EØS-avtala. Stortinget sitt samtykke til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen er difor naudsynt, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova. Gjennomføringa av avgjerda i norsk rett krev ikkje lov- eller forskriftsendringar.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Anne Marit Bjørnflaten, Susanne Bratli, Freddy de Ruiten, Gorm Kjernli, Magne Rommetveit og Tone Merete Sønsterud, fra Fremskrittspartiet, Jan-Henrik Fredriksen, Ingebjørg Godskesen, Bård Høksrud og Arne Sortevik, fra Høyre, Øyvind Halleraker, Lars Myraune og Ingjerd Schou, fra Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, fra Senterpartiet, Janne Sjelmo Nordås, og fra Kristelig Folkeparti, lederen Knut Arild Hareide, viser til at ISA-programmet er en videreføring av IDABC-programmet. EU-kommisjonen har gjennomført en eksternt evaluering av IDABC-programmet med positivt resultat. Evalueringen peker på at IDABC har spilt en sentral rolle i å styrke europeisk integrasjon. Samtidig peker evalueringen på mulige forbedringer som det kan tas hensyn til i ISA-programmet. Komiteen støtter at Norge deltar i ISA-programmet.

Komiteen peker på at Norge gjennom ISA-programmet kan påvirke den felleseuropeiske utviklingen på området, samt innhente verdifull kompetanse. Komiteen vil fremheve betydningen av at felleseuropeiske IKT-system utvikles slik at samhandling over landegrenser og på tvers av sektorer effektiviseres og optimaliseres.

Komiteens flertall, medlemmene fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti, ser på bruk av IKT og internasjonalt IKT-samarbeid som viktige virkemidler for å effektivisere offentlig sektor. Et eksempel på dette er at offentlig sektor handler tjenester og varer for om lag 300 mrd. kroner hvert år. Flertallet mener det ligger et stort potensial for innsparinger gjennom å ta i bruk flere elektroniske verktøy og med det eksponere

det offentliges forespørsler for flere mulige leverandører.

Flertallet viser til at slike verktøy har en internasjonal dimensjon, siden slike elektroniske konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) gjør det enklere å innhente tilbud fra andre land innenfor EØS-området.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil vise til at Fremskrittspartiet i Innst. 2 S (2009–2010) fremmet forslag om krav om bruk av elektroniske konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) i norske kommuner i løpet av 2011, gjennom at deler av innbyggertilskuddet vurderes holdt tilbake dersom det ikke følges opp. Disse medlemmer økte av samme grunn satsingen på PEPPOL (Pan-European Public Procurement Online) i disse medlemmers forslag til alternativt statsbudsjett for 2010, jf. Innst. 13 S (2009–2010) og spørsmål 274 fra finanskomiteen/Fremskrittspartiets fraksjon av 15. oktober 2009.

### Merknad fra utenriks- og forsvarskomiteen

Utenriks- og forsvarskomiteens medlemmer slutter seg i brev av 12. mai 2010 til transport- og kommunikasjonskomiteens innstilling og merknader til Prop. 110 S (2009–2010) og har ingen ytterligere merknader.

### Komiteens tilråding

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og råar Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

Stortinget samtykkjer i deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av EU-programmet om samverknadsløysingar for europeisk offentlig forvaltning – ISA (2010–2015).

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 25. mai 2010

**Knut Arild Hareide**

leder og ordfører